

Protokoll frå det 37. ordinære Kretstinget i MRGTK.

Loen, søndag 13. mars 2011.

Opning – helsingar:

- Helsing frå Norges Gymnastikk- og Turnforbund v/Reidun Skretting.
- Helsing frå Møre og Romsdal Idrettskrets v/Ulrik Opdal
- Helsing frå Gill Johannessen, kretskonsulent.
- Opning ved Liv Lia Pedersen, leiar MRGTK
- Helsing frå Hordaland Gymnastikk- og Turnkrets.

Reidun Skretting, NGTF.

Helsa frå presidenten, administrasjonen og styret, og ønskte eit godt ting. Roste kretsen for godt arbeid og ein flott rapport, og ønskte lykke til med vidare arbeid.

Ulrik Opdal, MRIK.

Helsa frå MRIK og ønskte lykke til med tinget. Roste leiar Liv Lia Pedersen for flott rapport.

Minte om at norsk idrett feirar 150 år i år. Alt starta med turn og friidrett. Turn er «Idrettens mor», meinte han.

Idrettsforbundet vart stifta 15. mars 1861. Dette vil bli feira under Idrettstinget i Oslo, 7. mai 2011. Opdal oppfordra også idrettslag i Møre og Romsdal til å markere jubileet med idrettsaktivitetar 7. mai.

Møre og Romsdal Idrettskrets si minnemarkering vil gå føre seg under arrangementet «Møteplassen» i Molde, 8. - 9. april.

Gill Johannessen, kretskonsulent.

Helsa frå gymnastikk- og turnkretsane i Nord- og Sør – Trøndelag og ønska lykke til med tinget.

Sak nr. 1: Godkjenne innkalling, sakliste og dagsorden:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Sak nr. 2: Konstituering.

Dirigentar:	Jostein Moe, Vidar Fosse.
2 skrivarar:	Elsa Debess Kårstad, Ragnhild Kriken Garnes
2 til å skrive under protokollen:	Ann Kristin Eiken, Alfred Øverland
2 til teljekorps:	Bente Skjeret Tynes, Randi Flem Ulvestad
2 til reisefordeling:	Olea Sølvi Godø,
Fullmaktskomite:	Vidar Fosse, Ragnhild Kriken Garnes

Sak 3: Opprop/godkjenning av fullmakter.

18 representantar har stemmerett, 5 har tale- og forslagsrett:

Hareid IL, Turngruppa	(2)	Jenny T.B. Nettet, Linn Urke
IL Hødd, Turngruppa	(1)	Ann Kristin Eiken
Kristiansunds Turnforening	(2)	Henning og Elisabeth Meese
Molde Turnforening	(3)	Hanne D. Øverland, Anette Nakken, Ramon Araya
Sykkylven IL, Turngruppa	(3)	Silje Hovet, Aina Vangen, Bente S. Tynes
Aalesunds Turnforening	(2)	Britt Løwensprung, Kari Skudal Aase

Kretsstyret	(5)	Liv Lia Pedersen, leiar Vidar Fosse, nestleiar Olea Sølvi Godø, kasserar Ragnhild Kriken Garnes, sekretær Elsa Debess Kårstad, styremedlem
-------------	-----	--

Frå utval:	TUK/TUM:	Sindre Kavli, MTF, Vidar Fosse, Hødd
	Troppsgym.:	Hildegunn Utgård, Hødd
	Utdanning:	Randi Flem Ulvestad, Bente S. Tynes, SIL
	Æresteikn:	Aasta Folkedal Bru, AaTF, Randi F.U., SIL
	GU/breidde:	Randi F. Ulvestad, Turbokontkat, Senior- kontakt, Britt Løwensprung, kontakt barneturnst. AATF Elin Weiseth Mork, KTF, ungdomskontakt

RG:	Ragnhild Kriken Garnes, Hødd
Sportsdrill:	
Revisorar:	Brit Andreassen, Kari Skudal Aase
Vararevisor:	
Gjester:	Reidun Skretting, NGTF Ulrik Opdal, MRIK
Kretskonsulent:	Gill Johannessen
Andre:	Liv Aksnes, SIL, Amalie Furholm, SIL

Leiar Liv Lia Pedersen gav så ordet til dirigentane.

Dirigent Jostein Moe tok over, og tingforhandlingane heldt fram.

Sak nr. 4: Årsmeldingar/rapportar frå styret.

Protokollen for kretstinget i Kristiansund vart godkjent.

Tingdelegata foreslo nokre tilleggssopplysningar som burde kome med i årsmeldinga:

- s. 10: Ein bør sette inn namna på dommarane i sportsdrill og forbundsdommarane i RG. Under troppsgymnastikk må Sykkylven leggst til. Sykkylven deltok ikkje på Opplandspokalen. Det gjorde Elnesvågen.
- s. 13: Etter «Tilskudd frå Møre og Romsdal Fylke, bør det også stå Møre og Romsdal Idrettskrets. Tilskudd frå NGTF, basiskurs kr. 6.562 må leggst til tilskota.
- s. 14: 11. - 13. april: Nordisk mesterskap, Helsinki, Sindre Kavli, delegasjonsleiar.
- s. 15: Sindre Kavli var delegasjonsleiar for Norge, NGTF

November: Vidar Fosse var leiar for dei som reiste til Landsfinalen i Tromsø.

Under «NGTF sine konsepter og MRGTK» bør ein innleie med Idrettens grunnstige.

Nedst på sida bør ein namngi kontaktperson for barnegymnastikk: Britt Løwensprung og og kontaktperson for ungdom, Elin Weiseth Mork.

- s. 17: Endring på Aalesunds Turnforenings medlemstal: Kvinner 13-19 år: 162, Kvinner 26-: 32, menn 6-12 år – 62, menn 13-19 år – 22, menn 26 - : 15: Kvinner: 199, menn 99, Totalt: 298.

Det siste avsnittet s. 17: Turnaktiviteter som finnes i Møre og Romsdal gymnastikk- og turnkrets er:

Breddeaktiviteter for barn, ungdom og voksne (Idrettens grunnstige 1-2, SALTO)
Konkurransesegrener: Turn kvinner/turn menn
Rytmask gymnastikk
Troppsgymnastikk
Sprotsdrill

Det er ca. 100.000 medlemmer i idretten i Møre og Romsdal.

S. 1-20 i Årsrapporten er godkjend med dei endringar som er noterte.

Sak 5: Godkjenning av årsrapportar frå utvala:

- s. 22. Troppa på bildet er Molde, ikkje Hødd.
Rette linje 2-3 : Hødd har prøvd å få til treningssamling i haust, men lykkast ikkje å få det til.
Sykkylven gjennomførte treningssamling i september.
Kurs: 2 deltakarar frå Molde har deltatt på kretsdommarkurs i Sør-Trøndelag: Anette Nakken og Veronica Godø.
Deltakarar på KM, Hareid: Atlanten TF, Molde TF, Hødd, Elnesvågen.
- s. 30: Utvalet har bestått av Sindre Kavli, MTF, Vidar Fosse, IL Hødd og Arve Moen KTF
- s. 40: Retting: Benedicte Tolaas, AATF (ikkje SIL)
Skal vere 4 klubbar
Stryk setninga om at Molde har lagt ned si RG-gruppe.
- s. 41: Tillegg: Anette Klock Urtegård, SIL har også dømt krets- og nasjonale konkurranser.
- s. 46: Legg til Silje Isdal som kurslærer for kretsdommarkurset, turn kvinner i Molde 9.-11.april.
Legg til Sindre Kavli som kurslærer i trenar 1, basis, Molde 17.-18. april.
Kretsdommarkurs RG, Ulsteinvik, 12.-14. mars, Kurslærarar:, Siw Irene Nyhuus.
- s. 47: Trenar 1-kurs, turn kvinner i Molde, 11.-13. juni: Kurslærarar Kari F. Jensen og Sindre Kavli.
Arrangør for kretsdommarkurs i troppsgymnastikk, Ulsteinvik, 18.-20. juni, MRGTK, utd.utv.
Sindre Kavli var kurslærer for Trenar 1, turn menn i Molde, 28.-29. august.
MRGTK/utd. Utv. Var arrangør for hjelpetrenarkurset i Ålesund, 5. september.

**Utvalsberetningane er gjennomgått og samrøystes godkjende med dei noterte rettingane.
(s. 21-50)**

Sak 6: Behandling av revidert rekneskap

Rekneskapen for 2010 er godkjend utan merknad.

Sak 7: Forslag frå styret i MRGTK.

a) Endring av lovene i MRGTK. Den gjeldande lova og den nye lova blir utdelte.

§ 6. Endringer fra § 6. (Kjønnskvoltering)

§ 9: Kretstinget.

Sak 7c: Forslaget om kretsting annankvart år vert utsett til kretstinget i 2012. Høyring vert send ut til laga i forkant av tinget.

§ 10 pkt. B under kven som møter med tale- og stemmerett. Dette punktet blir stroke.

Punkt c og d rykker oppover.

Oppmoding til styret: Forslag bør vere inne til styret 4 veker før tinget.

§ 12 Kretstingets oppgaver

Nytt pkt. 6: Behandle kretsens organisasjonsplan.

Dei andre punkta blir forskovne nedover

§ 17: Alternativ formulering:

Pkt. 1 går ut, pkt. 2 blir pkt. 1.

Pkt. 2. Andre faglige utvalg og komiteer i henhold til § 12 pkt. 6.

Sak 7 a er samrøystes godtatt.

Sak 7c: Vedtak:

Forslag om kretsting annankvart år vert utsett til kretstinget i 2012, høyring ut til laga i forkant.

Sak 7b: Auke kretsavgifta på barneturnstemne fra kr. 160 til kr. 210.

Bente Skjeret Tynes, SIL, Randi F. Ulvestad, SIL, synest det blir for mykje å auke avgifta til kr. 210.

Hildegunn Utgård synest ikkje den nye avgifta vert for høg.

Sindre Kavli stilte spørsmål om kven som tente på avgiftsauken.

Sak 7b vart vedtatt mot 4 stemmer.

Sak 7d: a) Kretsavgifta for vaksneturnstemnet forblir kr. 200.

b) Forslag frå Britt Løwensprung om å auke avgifta til kr. 250 + medalje.

Kr. 50 går då til kretsen.

Vedtak: Kretsen vil auke kretsavgifta til kr. 250. Vedtatt med 15 stemmer.

Sak 8: Endring av kontingent.

Vedtak: Kontingenten skal vere uendra:
kr. 65 for vaksne og kr. 35 for barn (til og med 19 år)

Sak 9: Budsjett.

Endre punkt 3000 på inntektssida frå kr. 106000 til kr. 116000 pga auka medlemsmasse. Vil også få auka inntekt pga. auka avgift på barne- og vaksne-turnstemne. Budsjettet vil då gå i balanse med kr. 222000.

(Sindre Kavli bad styret om å få inn ein budsjettpost som kan bidra til støtte for konkurranseaktivitetar i kretsen.)

Sak 10 Fordeling av stemne og mesterskap/større konkurransar.

2012 er allereie avklara. Det vart diskusjon om Hødd har apparat for å arrangere KM i turn for gutar.

Nye arrangørar som skal inn på skjemaet s. 59:

Elnesvågen arrangerer KM i troppsgymnastikk 30. april 2011.

Midtnorsk regionsfinale for turn kvinner/turn menn vert arrangert i Levanger, 29.-30. oktober 2011.

Norgesfinalen for turn kvinner/turn menn vert arrangert av Holmen turn, 18.-20. november, 2011.

Hødd arrangerer KM i troppsgymnastikk i 2012

Kristiansunds TF og Aalesunds TF vil arrangere SALTO-samlingar i 2012.

RG-samling 2011: Sykkylven

RG-samling 2012: Hødd

Aalesunds turnforening arrangerer Vestlandsturnstemne i 2012.

Molde TF skal arrangere KM i turn kvinner/turn menn og troppsgymnastikk i 2013.

Vestlandsmesterskap i RG, 2013: MRGTK.

Norgesfinalen i turn kvinner/turn menn 2013: KTF

Stemne for barn og ungdom 2013: Molde TF

Stemne for barn og ungdom 2014: Sykkylven

Stemne for barn og ungdom 2015. Hareid

Stemne for vaksne 2013. Sogn og Fjordane GTK.

Landsturnstemne for vaksne, Hamar, 2013.

s. 79 Tilleggsopplysningar som skal inn på skjemaet:

Aalesunds Turnforening arrangerer Vestlandsturnstemne i 2012. Det blir då også rekna som kretsturnstemne for Møre og Romsdal GTK.

Vedtak: Plan for stemne og mesterskap vart einstemmig vedtatt.

Sak 11: Val:

Leiar: Liv Lia Pedersen KTF
Nestleiar: Vidar Fosse, Hødd
Kasserar: Olea Sølvik Godø, MTF
Styremedl.: Elsa Debess Kårstad, Hødd
Anette Nakken, MTF

Varamedl.: Monica Molvær, Ålesund Sportsdrill
Ragnhild Kriken Garnes, Hødd
Ann Kristin Urke, Hødd

Revisor: Brit Andreassen, AATF,
Kari Skudal Aase, AATF

Vararevisor: Perly Haram, SIL
Atle Manseth, AATF

TUK/TUM: Sindre Kavli, MTF
Arve Moen, KTF
Vidar Fosse, Hødd
Linn Urke, HIL

RG: Kristin Wangensteen, AATF
Lisbeth Brevik Nesse, Hødd
1 repr. Frå SIL

Troppsgymnastikk: Hildegunn Utgård, Hødd
Maria Therese Heltne, AATF
1 representant frå MTF

Gym/Breiddeutval: Randi Flem Ulvestad, Turbokontakt, seniorkontakt
Britt Løwensprung; kontakt for barnegymnastikk
1 person frå MTF, ungdomsrepresentant

Sportsdrill: Monica Molvær, Ålesund Sportsdrill
1 representant frå Atlanten TF.

Utdanning: Vert vidareført av styret v/Vidar Fosse og Liv Lia Pedersen

Utstyr/anlegg:

Vidar Fosse, Hødd

Æresteikn:

**Randi Flem Ulvestad, SIL
Åsta Folkedal Bru, AATF**

Valkomite:

**1 representant frå Atlanten TF
1 representant frå Elnesvågen TF
1 representant frå Hareid IL, turngruppa**

Underskrive protokollen:


Ann Kristin Eiken


Alfred Øverland